



**Statens vegvesen  
Turistvegseksjonen**

## **Detaljregulering for Gjendeosen - Reinsvangen i Vågå kommune**


**PlanID 34350003**

### **Planomtale**



**Structor**

**Godkjent av kommunestyret 23.06.2020  
Sak nr 45/20**



## INNHOLD

1.	<b>BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET .....</b>	4
2.	<b>ENDRINGAR I HØVE TIL GJELDANDE REGULERINGSPLAN .....</b>	7
3.	<b>PLANPROSESS .....</b>	8
4.	<b>HOVUDRAMMER FOR PLANARBEIDET .....</b>	15
5.	<b>NOVERANDE SITUASJON – AKTUELLE TILTAK .....</b>	17
6.	<b>OMTALE AV PLANFORSLAGET .....</b>	29
7.	<b>KONSEKVENSER AV TILTAKET .....</b>	32



## 1. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

## **1.1 Ansvar for planen**


Planvarselet er utarbeidd av Structor Lillehammer AS på vegne av Statens vegvesen, Turistvegseksjonen, i samarbeid med Vågå kommune. Kontaktpersonar for planarbeidet er:

- Vågå kommune ved Ingunn Moen Helland Telefon 61 29 36 00
  - Statens vegvesen, Turistvegseksjonen ved Werner Harstad Telefon 952 76 094
  - Structor Lillehammer AS ved Harald Snippen Telefon 932 43 076

## **1.2 Nasjonale turistvegar**

Statens vegvesen utviklar Nasjonale turistvegar på oppdrag frå Regjering og Storting. Med nyskapande arkitektur i unik norsk natur skal det lagast ein turistattraksjon som skal vekka internasjonal og nasjonal interesse hjå turistar og vegfarande. Målet er å medverka til styrka næringsliv og busetting, ikkje minst i distrikta. 18 vegstrekningar med ei samla lengde på ca 2.000 km inngår i satsinga.

Å byggje vegar i fjellet var med på å binde dei forskjellige delane av landet saman. Fleire fekk oppleve fjellet, og vegane var til stor nytte for stølsdrifta. Dei fleste fjellvegane i Norge har heilt frå dei vart bygde vore viktige for reiselivsnæringa, og gjort det mogleg for oss å kome oss til fjells på ein enkel og trygg måte. Valdresflya er eit godt eksempel på ein slik veg.



### 1.3 Nasjonal turistveg Valdresflye



Nasjonal Turistveg Valdresflye, går frå Garli til Hindsæter med ein avstikkar til Gjendeosen. Strekningen er ca 49 km lang og går opp til 1.389 m.o.h.

Å køyre i det opne fjelllandskapet kan samanliknast med følelsen av å fly. Vegen svever og strekker seg ut i lange og duvande kurver. Det er lett å la tankane sveve like høgt som fjella i horisonten. Naturen er både forlokkeleg og oppnåeleg, og heile tida ligg vegen i landskapet som eit trygt ankerpunkt. Landskapet kan verke dovent og vennleg, men det er gode grunnar til at vegen er vinterstengd.

Gjende, med sin irrgrønne farge og omgitt av ville fjell, er kjent som den vakraste innsjøen i Jotunheimen.

I vestenden ligg Gjendebu, på nordsida Memurubu og i austenden Gjendesheim.

Om sommaren går det båt mellom desse tre stadene. Kvart år tar titusener båten frå Gjendesheim til Memurubu og går via Besseggen tilbake.

Gjende, det vil si Gjendeosen og Reinsvangen, er eit av tiltakspunkta på Nasjonal turistveg Valdresflye.

Gjendeosen ligg på ein avstikkar frå fylkesveg 51. Vegen inn til Gjendeosen er ca 2 km lang og er ein del av fylkesvegen. Gjende er peika ut som eit av tre nasjonale "ikon-punkt" langs dei nasjonale turistvegane, grunna staden sin betydning for reiselivet nasjonalt og lokalt, dei to andre er Trollstigplatået og Vøringsfossen.



## 1.4 Gjendeosen - Reinsvangen

Turistens møte med norsk natur har betydning for Norge sitt omdømme som attraktiv reiselivsnasjon. Satsinga på Gjende er viktig for å auke og styrke konkurransekrafa nasjonalt og lokalt. Intensjonen er at dei som kjem til området, finn sjølve området og servicetilbodet så interessant at dei bruker lengre tid. Dette vil da i neste omgang kunne gi auka omsetning for dei som driv næring på Gjendeosen, og positive verknader for verksemder i eit større område.

Gjende er eit attraktivt reisemål, særskilt viktig for den lokale reiselivsnæringa og for marknadsføringa av det norske reiselivsproduktet. Det er svært viktig å framheve og styrke kvalitetane i området. Det er nødvendig å ruste opp infrastrukturen slik at staden kan imøtekoma dagens og morgondagens krav til eit attraktivt reisemål. Naturrommet er stort og storslagent, men knutepunktet på Gjendeosen har tidlegare stått fram som eit sår i landskapet, og dei store parkeringsareala stod i sterk kontrast til kvalitetane i landskapsrommet rundt.



Gjendeosen er ein travel møteplass ved innfallsporten til Jotunheimen nasjonalpark og har stor landskapsverdi. Det er i denne planen lagt vekt på å rydde opp i utflytande parkeringsområde og å tilføre arkitektoniske kvalitetar.

Formålet med prosjektet på Gjende er å:

- Redusere areala som brukas til parkering.
- Reparera øydelagt landskap.
- Redusere biltrafikken inn til Gjendeosen.
- Gi betre trafikktryggleik og smidigare trafikkavvikling.
- Legge betre til rette for Gjendebåtane.
- Gi betre service for vegfarande og fotturistar.

Prosjektet skal framstå som en attraksjon, i eit spanande samspel mellom landskapet og det menneskeskapte. Det er eit overordna mål å avgrense trafikken inn i området mest mogleg og å ordne trafikken på en sikker og smidig måte. Når det gjeld trafikktryggleik, så er det viktigaste tiltaket at det meste av parkeringa no er lokalisiert til Reinsvangen. Med dette grepene blir trafikksituasjonen langt meir oversiktleg vidare innover langs fylkesvegen og på Gjendeosen. Det vert vesentleg fleire parkeringsplassar samla sett, men ein betydeleg reduksjon på Gjendeosen.

Etappe 1, som inneholder brygge og lager for Gjendebåten og parkeringsplass med servicebygg med lokal VA -løysing på Reinsvangen, blir ferdig til sesongen 2019. Etappe 2 blir nytt servicebygg på Gjendeosen, med trafikk- og uteareal, parkeringsplass for rettshavarar, og å sluttføre landskapsreparasjonen.

Det er tidlegare utarbeidd ein områdereguleringsplan for området med aktuelle tiltak, godkjent i 2012. Det er ønskje om å endre deler av planen, på nokre konkrete punkt, sjå neste side.

## 2. ENDRINGAR I HØVE TIL GJELDANDE REGULERINGSPLAN

Gjeldande reguleringsplan, frå 2013, er vist nedanfor. Dette er ein såkalla områdereguleringsplan, medan ein nå vel å utarbeide ein detaljreguleringsplan, utan at dette har vesentlege praktiske konsekvensar.

I prosessen ved utarbeiding av gjeldande reguleringsplan for Gjendeosen-Reinsvangen vart det lagt fram to alternative brukryssingspunkt. Det øvste alternativet vart da valt (**merka A** i figuren nedanfor). Det er nå ønskje om å flytte regulert brukryssingspunkt lengre ned i vassdraget (**merka B**). Meir detaljerte utgreiingar må avklara endeleg plassering. Ved flytting av brukryssingspunkt må ein også gi rom for traséar for turstiar. I samband med dette vart planområdet noko utvida (**merka C**).


Ved reguleringsendring vil det også bli gjort justeringar av planen i forhold dei løysingar som nå ligg til grunn for utbyggingsprosjektet. Dette gjeld mellom anna løysingar for vatn og avløp (VA) og planlagt kafébygg på Gjendeosen. Ein vil da unngå dispensasjonsbehandling for gjennomføring, og det vil vere ein oppdatert reguleringsplan å forhalda seg til.

Som VA-løysing er det nå inngått avtale med DNT/Gjendesheim om ei løysing der det planlagde servicebygget på Gjendeosen vert knytt til eksisterande VA-anlegg på Gjendesheim. Det betyr at ein ikkje legg VA-leidningar mellom Gjendeosen og Reinsvangen, slik det opprinnleig var tenkt. Det vert da lokal vassforsyning ved Gjendeosen, og eksisterande avløps-/infiltrasjonsanlegg (**merka D**) for Gjendesheim, vert teke i bruk også for det nye servicebygget på Gjendeosen. Avløpsanlegget blir regulert som eit eige formål. På Reinsvangen blir det lokale VA-løysingar med ei lokal vassforsyning og reinseanlegg.

Det tidlegare regulerte høgdebassenget (**E**), med tilkomstveg, er tatt ut av planen.

Dei regulerte parkeringsplassane (**P5-P6**) mellom vassdraget og Gjendevegen er tatt ut av planen.

Utover dette er det berre gjort mindre justeringar av gjeldande plan.



## 3. PLANPROSESS

### 3.1 Oppstartmøte med Vågå kommune


Det vart halde oppstartmøte med kommunen 3. mai 2018. Kommunen tilrådde oppstart av planarbeidet. Det vart på oppstartmøtet konkludert med at planarbeidet ikkje utløyser krav til planprogram eller konsekvensutgreiing, og dette vart nærmere grunngjeve i oppstartvarselet.

### 3.2 Varsel om oppstart av planarbeidet

Planarbeidet vert varsle med annonse i lokalavisene GD 23. mai 2018 og Fjuken 24. mai.

Grunneigarar, naboar, andre interessentar og aktuelle offentlege etatar vert varsle direkte ved brev eller mail den 23. mai 2018.

Som følgje av at ein ønskjer å flytte bruva over elva nedover i elveløpet Sjoa, kom det innspel på at ein burde regulere ny gangsti frå ny bru til T-sti innunder Gjendehøe. Planområdet måtte difor utvidast, og dette vart varsle 13. september 2018.



### 3.3 Innspel til planarbeidet – oppstartvarsle 1

Det kom i alt 10 innspel til planarbeidet. Innhaldet i innspela er omtalt og kommentert nedanfor.

1. Oppland fylkeskommune (OFK)
2. Fylkesmannen (FM)
3. Nasjonalparkstyret
4. NVE
5. Vågå fjellstyre
6. Vågå historielag
7. Opplandstrafikk
8. Grethe Hølmo
9. Bjørn Grinde
10. Ivar Sønstenghaug

#### 3.3.1 Oppland fylkeskommune (OFK)

1. Arkeologiske registreringar: som følgje av utvida planområde, må det gjennomførast nya arkeologiske registreringar.
2. Konsekvensutgreiing (KU): det har skjedd mye i området sidan gjeldande plan vart godkjent, og at det er naudsnyt med full gjennomgang av planen, med konsekvensutgreiing.
3. Plassering av bru: det er positivt å flytte bru lengre nedover i elva, og at turstiar må leggast om slik at bruva blir knytt saman med eksisterande stinett.
4. Parkering: det er positivt å ta ut parkeringsplassane P5 og P6, men pågåande prosesser kan auke behov for parkeringsplassar, og dette må vurderast på nytt.
5. Avlaup: valt løysing må ikkje gi større belastning på vassdraget enn i dagens situasjon.
6. Det er behov for ein brei gjennomgang av arealbruken i området, handsaming i planforum vert anbefalt.

#### Kommentarar frå tiltakshavar:

1. Arkeologiske registreringar er gjennomført utan nye funn.
2. Krav om KU var diskutert på møte i planforum, og det vart konkludert med at dette ikkje er naudsnyt eller aktuelt.
3. Bru er i planforslaget flytta 200-250 meter nedstrøms, men endeleg utforming og plassering må skje gjennom vidare og meir detaljerte utgreiingar, når det vert aktuelt å bygge ny bru.
4. Nye planar visar at det er mogleg plass for 800 bilar på Reinsvangen, P3 og P4.  
På møte i planforum vart det konkludert med at det ikkje er aktuelt å auke dette talet.

5. Det vert lagt opp til å bruke dagens VA-løysingar, og det er konkludert med at dette er det beste i høve til alle relevante konsekvensar.
6. Saken har vore oppe i planforum, sjå eige punkt nedanfor om dette.

### **3.3.2 Fylkesmannen (FM)**

1. Plassering av bru: FM har ingen merknadar/innspeil i høve til flytting av bru, men peikar på at dette bør følgjast opp av ei omlegging av omlegging av sti inn mot T-merka sti innunder Gjendehøe.
2. Parkering: Det er positivt at parkeringsareal på Reinsvangen, mellom vegen og elva (P5 og P6), tas ut av planen.
3. Avlaup: FM stiller konkret spørsmål ved om planlagt infiltrasjon på Reinsvangen er best egna, sett i høve til kort avstand til Sjoa.

**Kommentarar frå tiltakshavar:**

1. Omlegging av sti er ivaretatt i nytt planforslag.
2. P5 og P6 er tatt ut av planen.
3. Løysing for avlaup er omtala under kap 5.6.

### **3.3.3 Nasjonalparkstyret**

1. Parkering: Positivt at parkering mellom vegen og Sjoa på Reinsvangen, blir teke opp til ny vurdering.
2. Plassering av bru: Bør vurdere av omlegging av sti inn mot T-merka sti innunder Gjendehøe.

**Kommentarar frå tiltakshavar:**

1. Parkering P5 og P6 er tatt ut av planen.
2. Omlegging av sti er ivaretatt i nytt planforslag.

### **3.3.4 NVE**

NVE har ingen konkrete innspeil til planarbeidet, men viser til sine generelle innspeil til slike planarbeid.

### **3.3.5 Vågå fjellstyre**

1. Plassering av bru: Bør også vurdere utforming av stignettet knytt opp mot justert bru.
2. Parkering: Parkeringsområde mellom vegen og Sjoa på Reinsvangen, må takast ut av planen.

**Kommentarar frå tiltakshavar:**

1. Omlegging av sti er ivaretatt i nytt planforslag. Fjellstyret har vore involvert i dette arbeidet.
2. Parkering P5 og P6 er tatt ut av planen.

### **3.3.6 Vågå historielag (eigar av Jo Gjende-bua og to buer ved sidan av denne)**

Vågå historielag ber om at ein må ivareta det sårbare kulturhistoriske miljøet rundt Gjendebua, og dei andre buene i høve til telting og ferdsel.

**Kommentarar frå tiltakshavar:**

Innspelet er lite konkret, men tiltakshavar meiner at dette er ivaretatt ved at brukryssing er flytta lenge ned i vassdraget, og at det er lagt inn vernesone og teltforbod i eit område rundt Jo Gjende-bua.

### **3.3.7 Opplandstrafikk**

1. Snuplass: Det må vere god plass til å få snudd med buss.
  2. Haldeplass/parkering: Det må vere nok plass til skyttelbussar, rutebussar og turbussar.
  3. Vegstandard: Det må vere god plass til at to bussar kan møtast, utan at sjåførane må ha all fokus på å unngå at bil/speil kjem borti kvarandre.
1. **Kommentarar frå tiltakshavar:**
    - Snuplass er løyst både på Gjendeosen og på Reinsvangen.
    - Det er i planen vist 6 plassar for buss på Gjendeosen. Det er ikkje ønskeleg at turbussar parkerer her over lengre tid, kun i samband med av- og påstigning. Langtidsparkering må skje på Reinsvangen; dette vart diskutert og avklart i planforum.
    - Det er ikkje lagt opp til endringar eller tiltak langs køyrevegen inn til Gjendeosen.

### 3.3.8 Grethe Hølmo

1. Støtter flytting av bru.
2. Støtter at P5/P6 på Reinsvangen blir teke ut av planen.
3. Peikar at omtale/krav til servicebygg på Reinsvangen må endrast i planen.
4. Parkeringsplass på Gjendesheim skal bestå, og dette må endrast i planen.

#### Kommentarar frå tiltakshavar:


Punkt 1-4 er ivareteke i ny plan.

### 3.3.9 Bjørn Grinde (hytte 484, Gjendevegen 113)

Ønskjer betre veg til si hytte, som ligg langs vegen som tidlegare var regulert opp til eit nytt høgdebasseng.

#### Kommentarar frå tiltakshavar:

Både høgdebasseng og køyreveg er nå teke ut av planen. Vågå kommune og tiltakshavar har konkludert med at det ikkje er aktuelt å regulere ny veg til ei einskild hytte, da dette kan skape presedens i høve til andre hytter i området, som også kan ha dårlig veg i dag. I følgje fjellstyret er det ikkje problematisk at eksisterande sti nyttast som veg til denne hytta.



### 3.3.10 Ivar Sørnstenghaug (hytte nr 430, Gjendevegen 9)

Ønskjer innkjøring til si hytte frå den nye parkeringsplassen på Reinsvangen, da noverande avkjørsle frå fylkesvegen har dårlig sikt, og for å unngå køyre over naboeigedomene.

#### Kommentarar frå tiltakshavar:

Vågå kommune og tiltakshavar har konkludert med at det ikkje er aktuelt å regulere ny veg til ei einskild hytte, da dette kan skape presedens i høve til andre hytter i området, som også kan ha dårlig veg i dag.

## 3.4 Innspel til planarbeidet – oppstartvarsle 2

1. Oppland fylkeskommune (OFK)
2. Fylkesmannen (FM)
3. Nasjonalparkstyret
4. NVE
5. Vågå fjellstyre

### 3.4.1 Oppland fylkeskommune (OFK)

OFK informerer om at det er gjennomført arkeologisk registrering i det utvida planområdet, og at det ikkje er påvist automatisk freda eller verneverdig kulturminne frå nyare tid.

### 3.4.2 Fylkesmannen (FM)

FM meiner at utviding av planområdet er positivt for dei interessene FM representerer.

### 3.4.3 NVE

NVE har ingen konkrete innspel til planarbeidet, men viser til sine generelle innspel til slike planarbeid.

### 3.4.4 Nasjonalparkstyret

Nasjonalparkstyret registrerer at tidlegare innspel til utviding av planområdet, er fylgd opp.

### 3.4.5 Rådet for eldre og funksjonshemma

Rådet ser tiltak på Gjende som positivt for at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne nytte ein større del av turområdet i nærleiken av Gjendeosen.

### **3.5 Møte i planforum 14. november 2018**

I møtet deltok representantar for Oppland fylkeskommune (OFK), Fylkesmannen i Oppland (FMO), Statens vegvesen Turistvegseksjonen, Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, og Structor. Av saker som vart diskutert, knytt til reguleringsplanen, var blant anna:

- Eksisterande avløpsanlegg knytt til Gjendesheim; det nye serviceanlegget på Gjendeosen blir nå knytt til dette anlegget. Løysingar for lokal deponering eller borttransport av biofilm/slam må avklarast i reguleringsplanen.
- Bussparkering: Ein må ta omsyn til både rutebussar, skyttelbussar og turbussar. Rutebussar og skyttelbussar må få køyre inn til Gjendeosen og stå her i kortare periodar, turbussar må køyre inn og sette av/ta på passasjerar, men skal ikkje parkere her.
- Moglegheit for telting vart diskutert, utan at det vart konkludert i høve til dette.
- OFK har i sitt innspel til oppstartvarsel sagt at tiltaket bør konsekvensutgreiast, men det var på møte semje om at dette ikkje er nødvendig.

### **3.6 Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn – 4. juni 2019**

Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn og høyring vart gjort i kommunestyremøte (sak 20/19). I saksframlegget var det lista opp nokre punkt (a-e) knytt til konkret supplering av planmaterialet. Desse justeringane vart gjort før utlegging til offentleg ettersyn.

I saksframlegget til kommunestyremøtet er det også ei vurdering og omtale av nokre andre forhold.

Rådmannen meiner i sitt saksframlegg at servicebygget er gjeve ei god utforming, men at bygget må trekkast noko lengre unna strandlinja for å gje betre rom for ferdsel, aktivitet og opphold.

I saksframlegget peikar rådmannen vidare på at handlingsrommet i føresegne i større grad må tilpassast behovet som går fram av dei konkrete skissene. Det er peika på at det i føresegne bør vera ei sterke kopling til servicebygget som er planlagt og skissert, og vist i planomtalen, for å sikre at intensjonane i skissene vert oppfylt. Mellom anna legg føresegne til planen til rette for bygg med gesimshøgd på inntil 5m og mønehøgd på inntil 7m, for servicebygget på Gjendeosen, medan det skisserte bygget har ei høgde på 2,25-5,0m. Ut frå dette kan det synes logisk å endre føresegne, dvs redusere tillaten høgde på bygget.

Tiltakshavar er i utgangspunktet samd i desse vurderingane.

Imidlertid er det slik at finansiering av siste del av prosjektet ikkje er på plass, her inngår servicebygg på Gjendeosen. Dersom totalfinansiering ikkje vert mogleg, må ein rekne med å byggje enklare bygg og anlegg på Gjendeosen. Tiltakshavar vurderer det derfor slik, at det er ønskjeleg å behalde planføresegne slik dei no er foreslått, for å ha handlingsrom som gjer dette mogleg, utan omfattande bruk av dispensasjonar frå ny plan.

Det synes likevel kurant å redusere maksimal mønehøgd til 6 meter og gesimshøgd til 4 meter, og dette er lagt inn i føresegne. Vidare er bygget nå trekt ca 5 meter mot aust, vekk frå vasskanten.

### **3.7 Offentleg ettersyn - uttale og motsegener**

Planen vart sendt ut på offentleg ettersyn den 12. juni 2019. Frist for uttale var 12. august 2019.

Det kom uttale frå følgjande:

- |   |                    |
|---|--------------------|
| 1. Oppland fylkeskommune (OFK)                        | 5. Mattilsynet     |
| 2. Fylkesmannen (FM)                                  | 6. Vågå fjellstyre |
| 3. NVE  | 7. Memurubu        |
| 4. Nasjonalparkstyret<br>for Jotunheimen og Utladalen | 8. Grethe Hølmo    |
|   | 9. Elisabeth Bodin |

Relevante innspel er omtalt og kommentert i det vidare.

### **3.7.1 Oppland fylkeskommune (OFK)**

OFK peikar i sin uttale på at dei frede kulturminna ID 87721, ID 87717 og ID 129105, ikkje er korrekt avmerka i plankartet, og har pr telefon varsla motsegn, dersom dette ikkje vert retta.

**Kommentarar frå tiltakshavar:** Merking av kulturminna er i ny plan vidareført frå tidlegare plan, men det har da vore ei endring av desse i ettertid. Dette er nå retta opp i planen.

### **3.7.2 Fylkesmannen (FM)**

FM har sendt to uttale, eit som Fylkesmann, og eit som samordnar for statlege motsegner, der det går fram at FM og NVE har fremja statlege motsegner.

FM har motsegn mot planen på grunn av manglande markering av flaumutset område som omsynssone. FM har vidare innspel til vidare arbeider med løysingar ned vatn og avlaup, og meiner at terminalbygget på Gjendeosen bør flyttast lengre frå Gjende.

**Kommentarar frå tiltakshavar:** Når det gjeld motsegn, viser ein til motsegner frå NVE, pkt 3.6.3. Innspelet om vatn/avlaup gjeld vidare arbeid etter at reguleringsplanen er godkjend, og har ikkje relevans for sjølve reguleringsplanen. Terminalbygget er, i justert plan, flytta lengre vekk frå Gjende.

### **3.7.3 NVE**

NVE har motsegn til planen, når det gjeld følgjande forhold:

NVE mener planen ikke ivaretar nasjonale og vesentlig regionale interesser knytta til NVEs ansvarsområder når det gjelder følgende forhold:

- *Flomfare: NVE fremmer innsigelse til planen inntil en faglig etterprøvbar utredning av reell flomfare er gjennomført. Denne utredningen skal gi føringer for tilstrekkelig og riktig bruk av hensynssoner og bestemmelser. Dette er nødvendig for at tilstrekkelig sikkerhet er dokumentert i tråd med sikkerhetskrav gitt i byggteknisk forskrift.*
- *Brukryssing: Det må gis bestemmelser som sikrer faglig utredning av plassering og utforming, slik at bruva blir plassert vassdragsteknisk tilfredsstillende for å hindre erosjon og ugunstige endringer i flom- og strømningsforhold. Samt at bruva dimensjoneres for å kunne ta unna for en 200-års flom + 20% klimapåslag. NVE fremmer innsigelse til planen inntil det tas inn en bestemmelse som ivaretar dette.*
- *Vannforsyningasanlegg: NVE fremmer innsigelse til planen inntil planbestemmelsene tar inn bestemmelser som krever lovavklaringer etter vannressursloven og forskrift om oppgaveplikt ved brønnboring for arbeidet med vannforsyningasanleggene igangsettes. Dette er nødvendig for å tilfredsstille lovkrav gitt i vannressursloven og forskrift om oppgaveplikt ved brønnboring.*

Vidare anbefaler NVE at skredfareområder vert vist med omsynssone som ivaretar tryggleikskrav i byggteknisk forskrift.

#### **Kommentarar frå tiltakshavar:**

**Flomfare:** Det er no gjort konkrete vurderingar av flaumnivå, sjå punkt 5.1.4, og omsynssone flaum er lagt inn i plankartet, med tilhøyrande føresegner.

**Brukryssing:** Aktuelle og etterspurde føresegner er lagt inn i planen.

**Vannforsyning:** Aktuelle og etterspurde føresegner er lagt inn i planen.

**Skredfare:** Skredfareområder/aktsemdområder er vist som omsynsson i plankartet.

### **3.7.4 Nasjonalparkstyret**

Nasjonalparkstyret meiner at terminalbygget ved Gjende bør justerast, slik at det ein sikrar fri passasje på utsida av bygget.

**Kommentarar frå tiltakshavar:** Bygget er i nå trekt ca 5 meter mot aust, vekk frå vasskanten.

### **3.7.5 Mattilsynet**

Mattilsynet ønsker ei presisering i planomtalen, punkt 5.6 om vatn og avlaup:

*Det skal søkast plangodkjenning for nytt vassverk til Mattilsynet.*

**Kommentarar frå tiltakshavar:** Forslaget er lagt inn i planomtalen.

### **3.7.6 Vågå fjellstyre**

I vedtak frå møte 19.08.2019 framgår:

1. Fjellstyret støtter forslag til endring av kryssingspunkt for bru over Gjendeelva, med justering av tilhøyrande stigsamband.
2. Fjellstyret støtter forslag om å ta ut parkeringsareal mellom Gjendeelva og bilvegen på Reinsvangen.
3. Fjellstyret meiner at servicebygg på Gjendeosen må bli justert slik at ein sikrar tilstrekkeleg passasje og plass på utsida av bygget også ved høg vasstand.
4. Fjellstyret har ingen merknader til endringar i løysing for vatn og avløp.

Fjellstyret peikar elles på:

5. det bør bli slutt på parkering ved Kråkåhølen
6. telting i området burde vore i meir regulerte former
7. parkering på Gjendeosen må bli tilfredsstillande for dei med bruksrett, og for fiskarar.
8. Dersom det vert misnøye med utforming av plass for utkjøring av småbåtar, så må Statens vegvesen utføre justeringar av denne.

**Kommentarar frå tiltakshavar:**

3. Justering av servicebygg på Gjendeosen: Dette er lagt inn i planforslaget.
5. Parkering ved Kråkåhølen: Tiltakshavar er samd i dette. Parkering her er ikkje regulert.
6. Regulering av telting har vore diskutert både i planforum og i andre møter, men har konkludert med at dette ikkje skal inngå i reguleringsplanen, med unnatak for omsynssone H570\_1, kulturmiljøet rundt Jo Gjende-bue etc.
7. Parkering på Gjendeosen: Tiltakshavar reknar med at dette vil fungere bra, i samsvar med intensjonane i reguleringsplanen.
8. Utkjøring for småbåtar på Gjendeosen: Tiltakshavar reknar med at dette vil fungere bra, i samsvar med intensjonane i reguleringsplanen.

### **3.7.7 Memurubu, ved advokatfirmaet Thallaug ANS**

I uttalen vert det vist til punkt 5.1.1 i planomtalen, om parkering på Gjendeosen. Her står at Memurubu, i samsvar med tidlegare avtaler, disponerer 4 av i alt 33 plassar.

I uttalen vert det peika på at 4 plassar er alt for lite, at det ikkje er nokon avtale om dette, og at Memurubu har brukt langt fleire plassar.

Vidare vert det peika på at det er viktig at vintervegen til Memurubu må ligge der den ligg i dag, grunna isforhold på Gjende.

**Kommentarar frå tiltakshavar:** Når det gjeld parkering, er planforslaget i samsvar med tidlegare godkjent plan, det er ikkje gjort endringar i forhold til dette. Talet på reserverte p-plasser og fordelinga av desse, er det fjellstyret og kommunen som tidlegare har avklara, basert på hevd.

Når det gjeld vintervegen til Memurubu, så skal det vere mogleg å køyre på både sider av det nye servicebygget, slik dette no er plassert og utforma.

### 3.7.8 Grete Hølmo

Hølmo spør om det skal vere korttidsparkering på Gjendeosen, og om parkeringsplass på Gjendesheim blir regulert til teltplass.

**Kommentarar frå tiltakshavar:** Det går fram av planomtale, punkt 5.1.1, at det er regulert 20 plassar til korttidsparkering, som i tidlegare reguleringsplan. Det er ikkje regulert ein eigen teltplass på Gjendesheim, men det er i føresegne opna for at det kan etablerast ein teltplass innan området.

### 3.7.9 Elisabeth Bodin

Bodin meiner at den austlege delen av parkeringsplass P4 på Reinsvangen er skjemmande, med store og monotone flater. Bodin foreslår difor å bryte opp dette ved etablere to mindre grøne «oaser» inne på området, rundt to stolpar som står på området.

**Kommentarar frå tiltakshavar:** Dette er eit godt forslag, som vil bli vurdert etter kvart som ein haustar erfaring med bruk og drift parkeringsplassen.

## 3.8 Vidare handsaming av planforslaget

Statens vegvesen, Turistvegseksjonen har utarbeidd forslag til reguleringsplan i samråd med Vågå kommune og med omsyn til relevante innspel til planarbeidet ved oppstart.

Planen har vore ute på offentleg ettersyn og høyring. Etter dette er det gjort nokre endringar i planforslaget. Det er lagt inn omsynssoner for flaum og skred i plankartet, og det er gjort mindre endringar i område for nytt servicebygg på Gjendeosen, konkret er servicebygget i planforslaget flytta ca 5 meter mot aust.

Planen går nå til handsaming av Formannskapet i Vågå kommune, med påfølgjande slutthandsaming og vedtak om godkjenning av reguleringsplanen, i kommunestyret.

## 4. HOVUDRAMMER FOR PLANARBEIDET

### 4.1 Nasjonale turistvegar

Statens vegvesen sitt arbeid med nasjonale turistvegar er forankra i Nasjonale transportplanar, dei årlege budsjettproposisjonane for Samferdselsdepartementet og Regjeringa sine reiselivsstrategiar. Det daglege ansvaret er lagt til Turistvegseksjonen i Vegdirektoratet.

I alt 18 vegstrekningar med 10 store tiltakspunkt og ei rekke andre mindre og større punkt, skal utviklast til turistattraksjonen Nasjonale turistvegar. Oppgåva er å laga ein turistattraksjon som skal vekka internasjonal og nasjonal interesse hjå turistar og vegfarande. Målet er å medverka til styrka næringsliv og busetting, ikkje minst i distrikta.

### 4.2 Statlege planretningslinjer

#### 4.2.1 Retningsliner for universell utforming

Formålet med disse rikspolitiske retningslinene er mellom anna å sikre at planlegging på alle nivå bidrar til utvikling mot eit stadig meir universelt utforma samfunn. Vidare skal retningslinene klargjere det offentlege sitt ansvar for at universell utforming blir ivaretatt i planlegging av byggeområde, uteareal og transportinfrastruktur. Intensjonen er å legge særleg vekt på å ivareta omsyn til personar med nedsett funksjonsevne. Desse retningslinene har vore på høyring, men er ikkje vedtekne.

I den vidare planlegging blir slike omsyn innarbeidd i den grad dette er mogleg innanfor realistiske fysiske og økonomiske rammer.

#### 4.2.2 Retningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Føremålet med retningslinene er at arealbruk og transportsystem skal utviklast slik at dei fremjar samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting med miljømessig gode løysingar. Det skal leggast til grunn eit langsiktig berekraftig perspektiv i planlegging. Retningslinene er lite relevante i forhold til dette planarbeidet.

#### 4.2.3 Retningsliner for å styrke barn og unge sine interesser planlegginga

Formålet med disse retningslinjene er å synleggjere og styrke barn og unges interesser i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven. Retningslinene er lite relevante i forhold til dette planarbeidet.

#### 4.2.4 Retningsliner for verna vassdrag


Retningslinene gjeld for dei vassdraga som er verna gjennom Stortinget sitt vedtak i Verneplan I-IV for vassdrag frå 1973-1993. Formålet er å sikre at ein i vassdraga unngår inngrep som kan redusere deira verdi for naturvern- og friluftsformål og vitskap.

Rikspolitiske reglar for verna vassdrag vart vedteken 10.november 1994. Retningslinene finst i rundskriv T-1082 frå Miljøverndepartementet. Elva Sjoa er eit av dei verna vassdraga.


Retningslinene seier at kommunar og fylkeskommunar som har verna vassdrag, skal legge retningslinene til grunn for planlegginga etter Plan- og Bygningslova (PBL).

Rikspolitiske retningsliner rår til at ein i arbeidet med arealdelen i kommuneplanen differensierer forvaltninga av dei verna vassdraga utifrå verneverdiar og arealtilstand. Middelet for å få dette til, er ei klasseinndeling av vassdraget, med haldningar til korleis ein skal handsame søknader om ulike typar inngrep i dei einskilde forvaltningsklassene.

## **4.3 Kommunedelplan**



## 4.4 Gjeldande områdereguleringsplan (planID 0515 20100019)



## 4.5 Andre planar i området


Det er ingen andre planar i området som har innverknad på arbeidet med reguleringsplan Gjendeosen-Reinsvangen.

## 5. NOVERANDE SITUASJON – AKTUELLE TILTAK


Gjende, med Reinsvangen, Gjendesheim og Gjendeosen, er den viktigaste inngangsporten til Jotunheimen Nasjonalpark, både for turistar og for det lokale næringslivet.

I sommarmånadene er Gjendeosen eit svært travelt knutepunkt. I 2018 hadde Gjendebåtane ca 70.000 passasjerar. I tillegg skal ein ivareta naudsynt parkering, varetransport til og frå Memurubu og Gjendebu, transport av husdyr på flåte, og utsetting av småbåtar for fiske på vatnet. Opp til 5-6 bussar kan kome til å bruke busshaldeplassen samtidig, i form av skyttelbuss til/frå Reinsvangen, rutebussar og turistbussar.

Dette betyr at det er hektisk aktivitet på Gjendeosen, og det er viktig at anlegg vert utforma slik at ein sikrar god trafikktryggleik, og at opplevinga av området blir minst mogleg prega av trafikk og logistikk.



## 5.1 Gjendeosen



Framtidig situasjonsplan for Gjendeosen er vist ovanfor. Det er lagt vekt på å utforme eit knutepunkt som gir god publikumslogistikk, på ein kompakt og effektiv måte.

Den øvre delen av tidlegare parkeringsplass er tilbakeført til natur. Det er bygd ny kai og nytt bryggehus/lager på brygga. Desse gir betra drift og logistikk for Gjendebåtane. Bryggehuset står på ei betongbrygge, men ei trebrygge i front er lang nok til at begge båtane kan fortøye inntil.



Den nye brygga vart teke i bruk sommarsesongen 2018.



### 5.1.1 Parkering

Innan området er det i dag parkeringsplassar, eit bygg på ca 130 m<sup>2</sup> som innehold kiosk og venterom, og eit toalettbygg på ca 25m<sup>2</sup>. Desse skal rivast, og erstattast av eit nytt terminalbygg med trafikk- og uteareal, og parkering for personbilar. I samsvar med tidlegare avtaler er det 33 reserverte parkeringsplassar på Gjendeosen:

- Gjendebu turisthytte 3 plassar
- Memurubu Turisthytte 4 plassar
- Fjellstyret/fjelloppsynet 3 plassar
- Gjendebåtane 2 plassar
- Vågå kommune 1 plass
- Tilsette i servicebygget 6 plassar
- Personar med bruksrett 14 plassar

I reguleringsplanen er det nå vist parkeringsplass for 57 personbilar på Gjendeosen, derav 33 reserverte plassar, 20 korttidsplassar, og 4 HC-plassar. Det er vist ei mogleg utviding av plassen til 36 korttids-plassar eller totalt 73 plassar, dersom det viser seg at dette er naudsynt for å sikre ei god trafikk-avvikling. For å legge til rette for auka kollektivtrafikk er det sett av plass for 5-6 bussar samstundes.

### 5.1.2 Terminalbygget – plassering, utforming og storleik

I turistområde med stor trafikkbelastning har ein i det seinare fokusert i større grad på å skape tydelege grenser mot urørt natur, for å hindre uønskt slitasje på naturen. Såkalla «sherpastigar» er eit døme på dette. Tidlegare planer, som var vist i førre reguleringsplan, svara ikkje godt nok på dette ønsket.

Det er no i større grad lagt vekt på å skape eit kompakt anlegg, for å bruke minst mogleg areal, frigjere stort sett mogleg areal til landskapsreparasjon, og ivareta behova til publikum på ein god måte. Plassering og størrelse på planlagt terminalbygg er eit svar på et slikt ønske. Terminalbygget har nå ein klar funksjon som ein trafikkterminal, og er difor vesentleg redusert i høve til tidlegare planar. Skissert bygg er ca 420 m<sup>2</sup> (BYA) og inneholder naudsynte funksjonar som kiosk/kafé, informasjon og offentlege toalett.

Bygget ligg på tvers av vegen ned til Gjendeosen, men er meir vridd enn dagens kiosk, slik at det vert fint utsyn mot vassflata på Gjende. Den tverrstilte plasseringa gjer bygget til eit tydeleg skilje mellom «menneskeverk» og natur. Det er lagt stor vekt på å utforme eit lavt bygg. Når ein kjem frå Gjendesheim ned mot bygget, vil ein sjå tilnærma uhindra over bygget. Gesimsen, mot rundkøyringa, er berre 2,25m høg, medan takhøgda er ca 5 meter. Frå den sentrale plassen vil ein kunne sjå utover Gjende og over bygget, oppover lia.



Terminalbygget markerer avslutning på det «menneskeskapte» og er som ein portal; ein overgang til urørt natur i Jotunheimen Nasjonalpark. Plasseringa ned mot den gruslagte strandflata kanaliserer også trafikken vestover langs vatnet der trafikken skaper minst slitasje.

Terminalbygget ligg som ein låg langstrakt bygning mellom strandflate og skrånninga innanfor. Bygget er plassert bak dagens kioskbygning, slik at denne kan vera i drift fram til nybygget står ferdig.




Inngangen til terminalbygget, mot øst, er overdekt og har rikeleg plass til informasjon. Dei offentlege toaletta har inngang i hjørnet mot nordaust. Varelevering skjer lengst inn mot skrånninga.

Både kafé og kiosk har store glasflater. Kaféen er gjennomsiktig, tett på huset vil ein derfor kunne sjå gjennom huset og oppover mot Besseggen, eller utover Gjende. Inne i kaféen har ein oversikt over brygga, plassrommet, strandkanten, vatnet og lia.



### 5.1.3 Uteområdet



Heile turistvegprosjektet på Gjende må sjåast som eitt heiskapeleg prosjekt, og det er ønskeleg med ein viss likskap mellom dei ulike bygga på Reinvangen og Gjendeosen. Husa er enkle trehus, prega av store samlande tretak. Det grånande panelet viser slektskap tradisjonelle byggverk i fjellheimen, samtidig som dei framstår som moderne hus med nytt innhald.

Eit av dei viktigaste poengene med turistvegprosjekt Gjende har vore å tilbakeføre store parkeringsareal på Gjendeosen til landskap. Dette er i stor grad allereie utført, og sjølv om revegetering ikkje er ferdig, så har dette har det ført til auka opplevingskvalitet ved at naturen kjem tettare på.

Når anlegget står ferdig, kjem Jotunheimen sin natur heilt fram til vindaugelet i kaféen. Vest for terminalbygget vert det knapt spor av menneskeverk.

Fotgengjararealet er universelt utforma, og materialbruken markerer tydeleg dei områda som er for mjuke trafikantar.

Sentrum av rundkøyringa tener praktiske formål, som fordrøyningsbasseng (reinsing) av overvatn frå dei asfalterte områda, men også som et stykke «natur» med vierkratt og bjørketrær.

Haldeplassar for bussar er lagt langs vegen opp mot Gjendesheim, inn mot lia. Her vert dei store bussane minst forstyrrande for utsyn utover vassflata og opp mot fjella innover. Plasseringa gir små terrengrinngrep, samtidig som det skaper enkel og lettforståeleg trafikkavvikling.

Varelevering (til brygga og terminalbygget) er lagt slik at de i liten grad grip inn i publikumsområda.

Været på Gjende er dominert av raske skiftingar, med vind frå vest, nedkjølt av å stryke over Gjende si kalde vassflate. Skal Gjendeosen bli eit attraktivt sted å opphalde seg, er ly for vestavinden vesentleg. Ly for vestavinden, og eit rikt utval av ulike oppholdsareal, har vore viktig for plassering av terminalbygget og utforming av uteområda.

Det er lagt til rette for mange ulike oppholdsareal på plassen mellom brygga, bryggebygningen, terminalbygget og rundkøyringa. Godt tilbod av ulike tilrettelagte uteplassar gjer området til et attraktivt sted, med god kapasitet til å ta imot den store straumen av tilreisande, også på dei travlaste dagane.

På brygga, ved lagerbygget, er det ein lang overdekt sitte- og sekkebenk, avslutta i ein beskytta krok.



Lengst vest på brygga, ved terminalbygget, er det bord og benker. Mellom brygga og terminalbygget er det ein 20m lang trebenk som dannar overgangen fra plassen ned til strandflata. Slake trapper gir god tilkomst ned til vatnet og strandsona. Kaféveggen har integrert sittebenk under tak, helt i ly for vestavinden og det triangulære arealet mellom brygga og inngang til terminalbygget har uteservering med kafébord.

Terminalbygget markerer overgangen frå det opparbeida området og ut mot urørt natur i Jotunheimen Nasjonalpark. Bygget er trekt ut mot vasskanten, slik at brygga og bygget blir ein heilskap som eitt kompakt anlegg, og for å gi plass til vegen til fjellstyret si hytte på andre sida, inn mot terrenget, utan for store terrenginngrep.

Det er ved normale tilhøve god plass for passering mellom terminalbygget og vasskanten. Utforminga, med brygga og terminalbygget som eit samanhengande anlegg, kanaliserer trafikken vestover langs vatnet der trafikken skaper minst slitasje. Stranda blir en naturlig start på stien innover mot Memurubu. Området bak bygget blir utan dominerande parkeringsplassar og attendeført natur. Saman med den 20 meter lange benken mellom brygga og bygget, og ein opparbeidd gangtrasé frå brygga mot Gjendesheim, langs parkeringa for rettshavarar, blir tilhøva for ferdsel og opphold godt ivareteke.



### 5.1.4 Flaum – overvann

Det var gjort nokre målingar av vannstand i området på 1930- og 1940-talet, og NVE gjorde samanhengande målingar i åra 1966-1990. Desse viser ein høgaste registrerte vannstand på ca kote 985,3 (NN1954).

Det vert hevdat at høgaste observerte vannstand var under flaumen i pinsa i 2011. Vatnet stod da opp til senter i noverande rundkøyring, noko som svarar til ei høgde på ca kote 985,4. Eksisterande brygge ligg på kote 985,6.




Berekningar og fastsetjing av flaumnivå er no utført av Norconsult som ein del av planarbeidet.

Nedslagsfeltet til elva Gjende er berekna til ca 376 km<sup>2</sup>, og ut frå nedbørssdata er 200-års flaum berekna til 296 m<sup>3</sup>/sekund. Det er så lagt til eit klimapåslag på 20%, og dette gir ein dimensjonerande 200-års flaum på 355 m<sup>3</sup>/sekund. Denne verdien er i neste omgang brukt til å utarbeide eit flaumsonekart.

Flaumsonekartet viser maksimalt areal som kan bli oversvømt ved ein 200-års flaum, tillagt 20% klimapåslag. Dette arealet er lagt inn i reguleringsplanen som omsynssone H\_320 Flaumfare.

Basert på flaum-berekningane må golv i nytt servicebygg ligge på minimum kote 986,37, pluss ein ekstra margin, vurdert til 0,3m, dvs at golv på nytt bygg er lagt på kote 986,67.

Uteområda og landskapstiltak er planlagt med tanke på god handtering av overflatevatn. Trafikkarealet har fall mot eit fordrøyningsbasseng i midten av rundkøyringa, dvs at overflatevatn renn hit for fordrøyning/infiltrasjon, eller renn vidare ut i Gjende og Sjoavassdraget, under trappebenken.



## 5.2 Gjendesheim

Gjendesheim vart opna i 1878 og har i dag 185 sengeplassar, i tillegg ca 75 plassar i sovesal.

Gjendesheim tilbyr ulike aktivitetar året rundt; fra randonnékurs, skredkurs, guida toppturar, rafting, yoga, sykling og mye meir.

På Gjendesheim sitt område er det fleire små og store bygg, samt vegar og parkeringsplassar i samband med drift av turisthytta.



Gamlebygningen er påbygt i to retningar, men den eldste delen frå 1878 skjuler seg framleis i bygningen i kjernen av bygningen. Hovudbygningen har fått eit lite tilbygg som inneheld varemottak med heis, betjeningsgarderober og lager.

Speidarhuset er innreidd med praktiske sovelemmar, og har plass til 50 personar fordelt på 3 rom. Bryggjarhuset; det gamle vaskeriet, er omgjort til ein sovesal med plass til ca 25 stk.

Trostreiret er gjort i stand til ei svært triveleg hytte, med eit lite oppholdsrom og soverom.



Bustad for 22 av dei tilsette vart bygt i 1975 og har etterpå fått eit påbygg.

Andre hus på Gjendesheim i dag er Karistugu (bestyrarbolig), stabbur, skistall (også kalla førarbu), bakeri, pumpehus, potekjellar og fjøs.

Det er pr i dag ingen kjende planar for nye bygg eller anlegg på Gjendesheim, utover at det innan området vert regulert to område for VA-anlegg/bygg.

## 5.3 Reinsvangen

Parkeringsplassane P3 og P4 er ferdig opparbeidd, med plass til oppimot 800 køyretøy. Nytt servicebygg, VA-anlegg og bussparkering vart ferdig i 2019.



På Reinsvangen er det regulert eit område N1 for bygging av tenestebustad for tilsette i verksemder knytt til servicebygg på Gjendeosen og Gjendebåtane.

I tidlegare regulering er lagt ei grense på 200m<sup>2</sup> i samla fotavtrykk (BYA), med maksimal takhøgde 7 meter og gesimshøgd 5 meter.

Det er no laga eit skisseprosjekt på korleis dette kan utformast (utarbeidd av RAM arkitektur).


I forslaget er lagt til grunn at dette ikkje skal vere eitt stort bygg, men fleire små bygg, tilpassa lokale forhold og landskap, med minst mogleg inngrep i terrenget. Vegetasjon innan området skal få stå i størst mogleg grad.

Parkering skal skje på den store parkeringsplassen, for å redusere arealbruk til veg/parkering.



Dette er eit skisseforslag innanfor dei rammer som er fastset i planføreressagnene.

Forslaget viser:


- 5 små hytter, kvar med areal ca 20m<sup>2</sup> (BRA), gesimshøgd ca 3,5m, og takhøgd ca 5m



- Fellesrom og vertskapsbustad, med samla areal 70-80 m<sup>2</sup> (BRA), gesimshøgd ca 4,5m takhøgd ca 6,2m



## 5.4 Ny bru over Sjoa



## 5.5 Samband mellom Reinsvangen og Gjendeosen

Fylkesvegen har stort sett ei asfaltert breidde på 5,6-5,9 meter. Avstanden mellom Reinsvangen og Gjendeosen er ca 1,7 km.

Hovuddelen av parkering skal no vere på Reinsvangen. Personbiltrafikken langs fylkesveg 51 blir dermed vesentleg redusert.

I høgsesongen tilbyr ein busstransport for dei som ønskjer dette, i form av skyttelbuss. I tillegg går det rutebussar. Turistbussar kan køyre inn til Gjendeosen for av- og påstigning, men skal parkere på Reinsvangen.

Dei som ikkje ønskjer å köyre med buss, har moglegheit til å gå eller sykle. Gåande kan velje fylkesvegen, eller bruke ein eksisterande sti med relativt god standard på nord-aust-sida av fylkesvegen mellom Reinsvangen og Gjendeosen, merka med raud strek i figuren til høgre.

Universell utforming blir løyst ved å bruke fylkesvegen, alternativt transport med bil eller buss.



## 5.6 Vatn og avlaup

I arbeidet med gjeldande reguleringsplan var det lagt til grunn at alt avløp/spillvatn frå servicebygg på Gjendeosen og frå Gjendesheim skulle pumpast til eit reinseanlegg på Reinsvangen. Vassforsyning skulle skje ved uttak i Gjende og pumping til eit høgdebasseng oppe i lia øst for Gjendesheim.

Det er nå inngått avtale med DNT/Gjendesheim om ei løysing der det planlagde servicebygget på Gjendeosen vert knytta til eksisterande avløpsanlegg på Gjendesheim. Det betyr at ein ikkje legg VA-leidningar mellom Gjendeosen og Reinsvangen, slik det opprinnleig var tenkt.

Det vert da lokal vassforsyning ved Gjendeosen, og eksisterande infiltrasjonsanlegg for Gjendesheim vert teke i bruk også for det nye servicebygget på Gjendeosen. Avløpsanlegget blir regulert som eit eige formål.



På Reinsvangen vert det lokale løysingar med vassforsyning frå grunnvatn, og slamavskiller med infiltrasjonsanlegg og tett tank for avløp.

Vassforsyning til Gjendesheim og Gjendeosen vert basert på eit felles, nytt vassverk ved Gjendesheim. Primærkilde er vatn frå Gjende, sekundærkilde er ein borebrønn i fjell ved Gjendesheim turisthytte. Det skal søkast plangodkjenning for nytt vassverk til Mattilsynet.

Felles avløpsanlegg ved Gjendeosen inneber at avløp frå nytt servicebygg og Gjendebåtane vert tilkopla eksisterande avløpsanlegg tilhøyrande Gjendesheim Turisthytte.

Avløp frå Gjendesheim vert i dag ført via slamavskiller til en kloakkpumpestasjon på same side av elva. Stasjonen pumper avløpet til 2 infiltrasjonsbasseng på motsett side av elva.

Slamavskiller og pumpestasjon vert rusta opp for å tilfredsstille dagens krav. Pumpeleidningen fram til infiltrasjonsbassenga vart rehabilert i 2002.

Infiltrasjonsanlegg er ei god løysing i følsame område; ein driftssikker løysning som renser svært godt, taklar sesongvariasjonar på ein god måte, og krev normalt lite tilsyn. Dette er difor fagleg vurdert til å være den beste løysinga på Gjendeosen, ut frå omsyn til hygiene og mogleg forureining, til samanlikning med f.eks. tett tank eller biologiske/kjemiske reinseanlegg.


Ved, og i, infiltrasjonsbassenga knytt til Gjendesheim er det sett ned peilerør for å dokumentere nivå på grunnvatn under bassenga, samt strømningsretning for grunnvatnet. Slamavskilt avløpsvatn vert filtrert vertikalt gjennom stadlege morenemassar, og ned til grunnvatn i lausmasser. Målingar og berekningar viser at grunnvatnet drenerer mot nord.

Ca 150 m nord for bassengene er det fleire kildeutspring og oppkommer, kor grunnvatnet kjem frem i dagen. Herifrå renn vatnet i fleire mindre bekkar fram til ei lita bukt i Gjende.


Vassprøver i kildeutspringa viser at lausmassane har tilstrekkeleg rensekapasitet for avløpsvatnet, og at infiltrasjonsbassenga kan ivareta avløp frå Gjendesheim og det nye servicebygget.

Avløpsanlegget på Gjendeosen vil med denne løysninga omfatte følgande:

- Eksisterande infiltrasjonsbasseng, med nokre tiltak
- Eksisterande pumpeleidning frå Gjendesheim til bassenga
- Rehabilitering av eksisterande pumpestasjon ved Gjendesheim
- Ny slamavskiller ved Gjendesheim
- Ny pumpestasjon ved servicebygget og ny avløpsleidning herifrå til slamavskiller ved Gjendesheim
- Avløp fra Gjendebåtane tömmast i pumpestasjon ved servicebygget.



## 6. OMTALE AV PLANFORSLAGET



## 6.1 Bygningar og anlegg (pbl §12-5, 2. ledd, nr 1)

### 6.1.1 Område for bustader

På område B1, festetomt F312, på sørvestsida av Gjendeosen er det ein bustad for dei som driv Gjendebåtane.

### 6.1.2 Område for fritidsbustader

Dette er eksisterande fritidsbustader på festetomter, i hovudsak punktfeste.

### 6.1.3 Område for hotell og overnatting – og anna næring

Område H1 gjeld Gjendesheim turisthytte, med ei mogleg ny innkøyring frå øst.

På Reinsvangen er vist ei ny tomt (N1). På tomta kan det byggjast bustad for tilsette ved Gjendebåtane og servicebygg på Gjendeosen.

### 6.1.4 Vass- og avløpsanlegg

Her inngår eksisterande reinseanlegg på sør-vestsida av Sjoa, to område inne på Gjendesheim (VA1 og VA2), og eit område for avløpsanlegg på Reinsvangen (VA3).

## 6.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §12-5, 2. ledd, nr 2)

Her inngår:

- Fylkesveg 51 frå krysset ved Maurvangen til Gjendeosen, med ny rundkøyring og parkering for bussar og andre køyretøy
- Anna veggrunn/grøntareal
- Ny brygge for Gjendebåtane på Gjendeosen (K1), samt vinterlagringsplass for båtar på motsett side av elva for Gjendebåtane (K2) og ein plass for lagring av flåte som nyttas til transport av beitedyr innover Gjende til Storådalen i Lom (K3).
- Kollektivanlegg, dvs areal for nytt servicebygg på Gjendeosen og Reinsvangen, og bussoppstillingsplassar på Reinsvangen.
- Parkeringsplass P1 på Gjendeosen med 57 plassar, og ei mogleg utviding til 73 plassar (P2)
- Parkeringsplass P3 og P4 på Reinsvangen med plass for inntil 800 personbilar/bubilar
- Telekommunikasjonsmast i lia rett øst for Gjendesheim, og trafostasjon/nettstasjon ved parkeringsplass P1-P2 på Gjendeosen.

## 6.3 Grøntstruktur (pbl §12-5, 2. ledd, nr 3)

Her inngår ny bru over Sjoa-elva og dei viktigaste turstiane i området. Ny bru, med sti på både sider av elva, kan justerast, sjå bestemmelsesområde 2 om dette.

## 6.4 Landbruks-, natur- og friluftsområde (pbl §12-5, 2. ledd, nr 5)

Dette er areal innan planområdet som ikkje er vist med anna formål.

På festetomt F676 på Reinsvangen er det bustad for Vågå tamreinlag for bruk ved utøving av reindrift. På festetomt F975 på Gjendeosen er det ei hytte for Vågå Fjellstyre.

Det er avsett i alt 4 delområde som gjeld vern av kulturmiljø eller kulturminne.

Rundt alle desse er det eit skravert areal, ei bandlagt sone (pbl §11-8, 3. ledd, bokstav d).

## 6.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag (§12-5, 2. ledd, nr 6)

Dette gjeld deler av Gjende, Gjendeosen og Sjoa.

## 6.6 Omsynssoner

Dette gjeld områder:

- H140: Frisiktsone i tilknyting til avkørsler og veggryss.
- H310: Ras- og skredfare, tiltak er berre tillate dersom tryggleik mot skred/ras er dokumentert
- H310: Flaumfare, tiltak er berre tillate dersom tryggleik mot flaum er dokumentert
- H370: Dette gjeld 22 kV høgspentline.
- H570: Bevaring av kulturmiljø i samsvar med rapport frå Oppland fylkeskommune, fageining for kulturvern, og bandlegging av område rundt desse.

## 6.7 Bestemmelsesområde

### 6.7.1 Bestemmelsesområde 1 - leidningstrasé mellom Gjendesheim og reinseanlegg (AV)

Dette er lagt inn i planen for å sikre naudsynt vedlikehald av pumpeleidning mellom Gjendesheim og reinseanlegget på sør-vest-sida av Sjoa. Vedlikehald kan utførast, etter godkjenning frå Vågå kommune.


### 6.7.2 Bestemmelsesområde 2 – ny bru over Sjoa

Endeleg plassering og utforming av ny bru og sti er ikkje fastlagt. Innan det avmerka området er det difor førebels fleksible grenser mellom dei enkelte føremål, slik at ein kan justere bruplassering og stiar, for å oppnå ei best mogleg totalløysing.

Før plassering av ny bru over Sjoa blir fastlagt, skal det som minimum gjennomførast vurdering av:

- alternative bruløysingar, inklusive tilhøyrande stisystem
- landskapsmessige konsekvensar
- konsekvensar knytt til eventuelle inngrep i elveløpet, og moglege konsekvensar for det biologiske mangfaldet.
- mogleg fare for flaum (jf. TEK17 § 7-2) og ugunstige endringar i straum- og erosjonsforhold.  
Brua skal dimensjoneras for 200-års flaum, med 20% klimapåslag.

Endeleg bruplassering skal godkjennast av Vågå kommune.



## 7. KONSEKVENSER AV TILTAKET

Ein del konsekvensar vart vurdert i reguleringsplanarbeidet som vart utført i 2008-2012. Det vart da laga eit planprogram som var ute på høyring og godkjent av Vågå kommune.

I det godkjende planprogrammet vart det stilt krav om utgreiing av:

- landskap og terrengeinngrep
- kulturminne og kulturmiljø
- transport og trafikk

Det vart da utarbeida eigne rapporter for dei tre aktuelle tema, som del av planarbeidet.

Utbygging i ettertid har skjedd innanfor dei rammer som gjeldande reguleringsplan gir. I hovudsak må det difor leggjast til grunn at det ikkje er behov for nye utgreiingar knytt til desse tema.

Oppland fylkeskommune har gjennomført nødvendige registreringar for å oppfylle plikt til undersøking i samsvar med Kulturminnelova §9. Ei oppsummering er gitt i kap 7.2.

For temaet transport/trafikk vart utarbeidd ein eigen rapport som var vedlegg til førre reguleringsplan. Tiltak som var omtale i rapporten, er nå i hovudsak etablert, sjå kap 7.3.

### 7.1 Landskap og terrengeinngrep

Lagerbygg på Gjendeosen samt servicebygg, VA-anlegg og bussoppstilling på Reinsvangen, vert etter føreliggande planer, ferdig i løpet av juni 2019. Ny kai på Gjendeosen var ferdig i 2018.

Gjenståande tiltak er da knytt til eit nytt servicebygg på Gjendeosen og ny bru over Sjoa. Servicebygget er vesentleg redusert i høve til tidlegare planer.

Tiltak med vesentlege følgjer i forhold til landskap og terrengeinngrep, er allereie gjennomført. Dette gjeld i hovudsak fjerning av parkeringsplassar på Gjendeosen, med tilbakeføring av terreng, som må seiast å vere svært positivt i høve til landskapsbildet på Gjendeosen.

På Reinsvangen er parkeringsplass P4 etablert, ei vesentleg utviding av parkeringsarealet, men utan store landskapsmessige konsekvensar. Parkeringsplass P3-P4 ligg som grusflate parallelt med vegen. I bjørkeskogen på innsida av parkeringa går det skrinne terrenget i slak stigning oppover. Stien mot Besseggen går nordover frå austre ende av parkeringa. Parkeringa har store dimensjonar, men ligg lett i terrenget utan skjemmande skjeringar og fyllingar. Flata er i dag lite synleg frå fylkesveg 51.

Ei mjuk linjeføring kring parkeringa som reflekterer terrenget i naturterrenget i nord, gjer at inngrepet innordnar seg godt i landskapet.

Landskapsbildet ved Reinsvangen er i stand til å ta opp i seg inngrep på grunn av at det her er meir organisk materiale, betre veksttilhøve og trevegetasjon, og eit slakare landskap.

Som mogleg avbøtande tiltak for å dempe verknaden av dei store parkeringsarealet, er peika på ulike måtar for revegetering av overflater.

Nedfarging av grusdekte flater ved å fresa inn eit tynt lag med organisk materiale i det øvre sjiktet i grusen, og vegetering av kantar og felt slik at flata vert delt opp, vil gjere at parkeringsområdet blir dempa.

**Ei ny gangbru over Sjoa** vil knyte øst og vestsida av Sjoa saman og gi større moglegheit for fleire turar med utgangspunkt i parkering og servicetilbod på Reinsvangen og Gjende. Brua vil bli eit nytt og menneskeskapt inngrep, men flytting av brua nedover i elveløpet reduserer verknaden i eit område eksponert mot eit svært sårbart landskapsrom ved Gjende.


Gangbrua er ikkje fastlagt i detalj, korkje plassering eller utforming. Det er stilt krav om nærmare utgreiingar før brua kan byggast, men det må leggast til grunn at dette blir ein smal og lett i konstruksjonen. Ny plassering av gangbru vil sannsynlegvis ikkje krevje pilarar i elveløpet, og bygging av brua kan mest sannsynleg skje utan direkte inngrep i elva.

## 7.2 Kulturminne og kulturmiljø

Oppland fylkeskommune har gjennomført nødvendige registreringar for å oppfylle plikt til undersøking i samsvar med Kulturminnelova §9.

Kulturminna er lagt inn i reguleringsplanen i samsvar med dei forslag fylkeskommunen har kome med.

I samband med utviding av planområdet vart det i 2018 gjennomført supplerande registreringar, utan at nye funn vart gjort.



### 7.2.1 Automatisk freda kulturminne

Innanfor planområdet er det tre kjende lokalitetar frå før-reformatorisk tid. Desse er freda i samsvar med kulturminnelova §4, §6 og §8.

Id 87721 er ein steinalderlokalitet, id 87717 er eit gravminne, og id 129105 er to kullgropar.

### 7.2.2 Kulturminne frå nyare tid

Vest for Gjendeosen ligg eit bygningsmiljø med SEFRAK-registrerte bygningar, mellom anna bua etter Jo Gjende. Bygningsmiljøet har verneverdi.

Det er i området registrert kulturminne frå tyskarane si bruk av området under 2. verdskriga. Dei fleste av desse ligg utanfor planområdet, men på Reinsvangen er det påvist eit bøgeforma amfi (id 135898) i eit dalsøkk rett nord for parkeringsplassen.

## 7.3 Transport og trafikk

I 2018 hadde Gjendebåtane ca 70.000 passasjerar, og ca 56.000 gjekk over Besseggen.

Dei fleste som går Besseggen, går frå Memurubu til Gjendesheim, dvs at dei tek Gjendebåten frå Gjendeosen til Memurubu, og går Besseggen tilbake. Det er nå, i samsvar med tidlegare reguleringsplan, lagt opp til eit fåtal parkeringsplassar ved Gjendeosen, og ca 800 plassar for personbilar på Reinsvangen. I 2018 var det ca 25.000 køyretøy som løyste parkeringsbillett.

Det tar 5-10 minutt å sykle og 20-30 minutt å gå mellom Gjendeosen og Reinsvangen.

Mellan parkering på Reinsvangen og Gjendeosen går det gratis minibuss/skyttelbuss. Dette synes å fungere bra, og det er ikkje behov for endringar eller meir utgreining av dette temaet.

Frå brygga på Gjendesheim går det opptil sju daglege turar til Memurubu (Besseggen) og to til Gjendebu.  
Dei fleste kjøper billett på førehand, slik at det ikkje blir kø for å kome om bord på båten.

Det går to båtar; Kåre Johan tar 98 passasjerar og Gjendine tar 80 passasjerar. I 2019 var rutetidene:

	21.6–18.8	29.6–4.8	7.6–6.10	6.7–3.8	6.7–4.8	13.6–6.10	6.7–3.8
D: DAGLIG DAILY TALES →	D	D	D	D	D	D	D
<b>Gjendesheim</b>	07:45a	08:30b	09:30bc	10:20b	14:15	15:20c	17:30bc
<b>Memurubu</b>	08:05	08:50	09:50	10:40	14:35	15:45	17:50
<b>Gjendebu</b>	08:30	I	I	I		16:05	I
<b>Gjendebu</b>	08:35	I	I	I		16:25	I
<b>Memurubu</b>	08:55	08:55	09:55	10:45	14:35	16:55	17:55
<b>Gjendesheim</b>	09:20c	09:15c	10:15	11:05	15:00c	17:15c	18:15

## 7.4 Andre konsekvensar av planen

I samband med planarbeidet i 2011-2013 vart det utarbeidd ei relativt omfattande ROS-analyse. ROS-analysen avdekkja ikkje spesielle forhold som hadde innverknad på planen. Det vart peika på at det kunne være fare for radon i grunnen, og at dette måtte vurderast i den vidare planlegging. Etter vurdering av bygningsfysiker, vert terminalbygget no planlagt med radonsperre.

ROS-analysa frå 2013 er følgt opp nå, med ei ny ROS-analyse, utan at nye utfordringar er avdekkta.

Statens vegvesen, Turistvegseksjonen kan ikkje sjå at det er negative konsekvensar knytt til planen, og håpar at planen kan bli godkjent, slik at denne kan danne grunnlag for vidare utvikling av det nasjonale ikonpunktet ved Gjendeosen.



